



# **LÆRARRETTEIING**

# **TIL LESESKOGEN**

## **Innhald**

<b>Velkommen til leseskogen</b>	s. 3
Kompetansemål i norsk etter 2. trinn	s. 5
Oppstart av prosjektet	s. 6
Høgtlesingstips	s. 7
<b>Generelt opplegg til biletbøker</b>	s. 8
<i>Aktivitetar knytte til lesing av biletbøker</i>	
Teikneserie del 1: Skap to teikneseriefigurar	s. 9
Teikneserie del 2: Lag ein teikneserie	s. 10
Lag Leseskogen til klassen	s. 11
Sy din eigen Ursus, Lupus, Lynx eller Gulo	s. 11
<b>Generelt opplegg til framhaldsbøker</b>	s. 12
<i>Aktivitetar knytte til lesing av framhaldsbøker</i>	
Teikne eit bilete frå boka	s. 14
Barnas eigen versjon av boka	s. 14
<b>Vurdering: Kva for bøker liker vi?</b>	s. 14
Innleiande opplegg om bøker og smak	s. 15
Litterær vurdering: Kva for ei bok likte du best?	s. 16
«Streken»: Leik som konkretiserer meiningane til elevane	s. 17
Litterære leikar: Aktivitetar i og utanfor klasserommet	s. 18
<b>Forslag til undervisningsopplegg til enkeltbøker</b>	s. 19
Opplegg til <i>Jacob og hunden</i> av Liv Frohde	s. 19
Opplegg til <i>Vaffelhjarte</i> av Maria Parr	s. 21
Opplegg til <i>Kakerlakken med den grønne frakken</i> av Martine Grande	s. 23
Opplegg til <i>Ballen</i> av Mari Kanstad Johnsen	s. 24
Opplegg til <i>Samira og skjelettene</i> av Camilla Kuhn	s. 25

# Velkommen til Leseskogen!

Eit år i Leseskogen tek til ved skulestart i august og blir avslutta på markeringa av verdas bokdag den 23. april. I løpet av denne perioden håper vi du og elevane har mange gode leseopplevingar og litterære samtalar i klasserommet. Vi håper òg de finn tips til gode høgtlesingsbøker på [leseskogen.no](http://leseskogen.no), og at de bidreg til å utvide basen ved å gi tilbakemelding på kva for bøker som fungerer i klassen og ikkje, og ved å leggje til nye bøker. Når de har vurdert ei bok, får de takk frå eit av dyra og dessutan ein liten medalje med bilete av dyret til «Klassens side». Når de har samla alle medaljane, får de ei overrasking, og klassen vert framheva på nettsidene.

## Legg inn bokanbefalingane til klassen

De får tilgang på klassesida når du som lærar loggar deg inn på [leseskogen.no](http://leseskogen.no). Der kan du søkje opp boka de har lese og leggje inn bokmeldingane til klassen. Her får du også ei oversikt over bøkene klassen har lese gjennom skuleåret, og det er mogleg å leggje inn bøker i leselista til seinare.

På [leseskogen.no](http://leseskogen.no) kan barna klikke på dei ulike dyra og «besøkje» dei heime. Her kan dei òg ta ein titt i bokhylla til dyra for å sjå kva for bøker dei anbefaler. Når klassen skal leggje inn ei bokanbefaling, må dei først bli einige om kva for eit dyr som skal anbefale boka. Når de kryssar av for eit av dyra, hamnar boka i hylla til det respektive dyret.

Heime hos Ursus, Lupus, Gulo og dei andre dyra kan klassen også lese korleis dyra presenterer seg sjølve. Dersom klassen har lyst til å vite meir om dyra, finn du lenkjer til lesestoff og filmsnuttar på lærarsida.

## Følg med på «Skogsnytt»

Kvar månad fram til jul vil det dukke opp eit nytt dyr i Leseskogen. Her kan klassane vere med på å stemme fram kva for eit dyr som skal flytte inn i Leseskogen neste gong. Følg med på nyheitene som blir publiserte på oppslagstavla «Skogsnytt» på [leseskogen.no](http://leseskogen.no), så får du meir informasjon om korleis klassen skal gå fram for å stemme.

I løpet av skuleåret vil det dessutan vere mogleg å delta i ei rekkje andre leserelaterte tiltak, som til dømes ein høgtlesingsføljetong i samarbeid med Forfattarutdanninga ved Norsk barnebokinstitut og Kunst i skolen.

## Anbefale bøker til medelevar og foreldre

I april er leseperioden over, og vi får vite kva for bøker som er dei mest populære høgtlesingsbøkene i Leseskogen. Desse bøkene vil bli anbefalte for 1.- og 2.-klassingane til neste år. Vi oppfordrar klassane til å presentere sine favorittbøker for klassetrinnet under på

skulen eller for førskulebarna i ein barnehage i nærleiken. Elevar som presenterer favorittbøkene til klassen, kan også vere eit passande innslag på foreldremøtet i samband med at lærar eller skulebibliotekar snakkar om kor viktig det er med høgtlesing.

### **Opplegga i lærarretteiinga**

Målet med Leseskogen er at barna skal ha positive og hyggelege leseopplevingar dei første skuleåra. I denne lærarretteiinga vil du finne tips til korleis du kan jobbe med litteratur i 1.- og 2.-klasserommet. Du vil finne både generelle undervisningsopplegg og opplegg spesielt utarbeidde for nokre av enkeltbøkene som blir anbefalte i Leseskogen. Fleire bøker vil få eigne opplegg utover hausten. Den didaktiske ramma rundt opplegga er prosessorientert lesing, ein god og fleksibel metode for å vekke lyst og engasjement for litteratur. Vi har delt opp alle oppgåvene i fasane før, under og etter lesinga. Målet er at teksten blir opna for elevane, og at dei får bidra aktivt med utgangspunkt i eigne opplevingar og erfaringar. Samtalen rundt det ein har lese, er sentral i alle opplegga.

### **Gi elevane ei god leseoppleving**

I læreplanen, under «Grunnleggende ferdigheter i norskfaget», står det blant anna at «*Å kunne lese i norsk er å skape mening fra tekster fra nåtid og fortid i et bredt utvalg sjangre. Det innebærer å engasjere seg i tekster og få innsikt i andre menneskers tanker, opplevelser og skaperkraft*». Det blir òg lagt stor vekt på at gode leseferdigheiter føreset at elevane les ofte og mykje. Barn som blir lesne høgt for, har mykje større sjanse til å bli lystlesarar, og lese mykje, enn barn som ikkje opplever høgtlesing.

Gjennom å lese høgt for elevane dine og gjennomføre litterære samtalar og nokre av aktivitetane som er foreslått i denne lærarretteiinga, legg du grunnlaget for at elevane dine skal bli glade i å lese og tileigne seg gode leseferdigheiter. Også i læreplanen under kompetansemål i norsk for 2. trinn blir det lagt stor vekt på evna til å lytte, forstå og samtale rundt det ein har lese. Heile 13 av 23 kompetansemål kan relaterast direkte til høgtlesing og aktivitetar knytte til høgtlesing.

Skal barn bli glade i å lese, må dei få positive leseopplevingar. Legg derfor til rette for at lesestunda skal vere prega av god stemning.

Vi håper du får nytte av nokre av tipsa du finn på [leseskogen.no](http://leseskogen.no) og i denne lærarretteiinga. Lykke til i det viktige arbeidet du gjer med å spreie leseglede og interesse for litteratur i klasserommet!

Helsing oss i Foreningen !les

### **Opplegga byggjer opp under følgjande kompetansemål i norsk etter 2. trinn:**

### *Munnleg kommunikasjon*

- *lytte, ta ordet etter tur og gi respons til andre i samtalar*
- *lytte til tekstar på bokmål og nynorsk og samtale om dei*
- *lytte etter, forstå, gjengi og kombinere informasjon*
- *fortelje samanhengande om opplevingar og erfaringar*
- *setje ord på egne kjensler og meiningar*
- *uttrykke egne tekstopplevingar gjennom ord, teikning, song og andre estetiske uttrykk*

### *Skriftleg kommunikasjon*

- *bruke egne kunnskapar og erfaringar for å forstå og kommentere innhaldet i tekstar ein har lese*
- *skrive enkle skildrande og forteljande tekstar*
- *arbeide kreativt med teikning og skriving i samband med lesing*

### *Språk og kultur*

- *samtale om korleis ord og bilete verkar saman i biletbøker og andre biletmedium*
- *samtale om innhald og form i eldre og nyare songar, regler og dikt*
- *samtale om personar og handling i eventyr og forteljingar*
- *finne skjønnlitteratur og sakprosa på biblioteket til eiga lesing*

## Oppstart av prosjektet

Begynn med å introdusere dyra og leseskogen for elevane. Har du smartboard eller projektor i klasserommet, kan du vise fram leseskogen.no og ta klassen med på besøk heime hos Ursus, Lynx, Gulo eller Lupus. På desse sidene finn du tekstar der dyra presenterer seg sjølve. Det går også an å skrive ut dyra (sjå lærarsida) og hengje dei opp i klasserommet.

### Begynn med å lese og samtale

Tanken er at elevane etter ei stund skal seie noko om kva for bøker dei liker, og kva for bøker dei ikkje liker. Vi tilrår likevel at de startar med å lese nokre bøker i klassen og samtale med dei om innhaldet i bøkene og temaa dei tek opp, før klassen begynner å vurdere. På denne måten får alle eit felles grunnlag.

### Kva for bøker liker vi?

Når de har lese nokre bøker og har hatt nokre samtalar rundt det de har lese, kan det vere fint å fortelje klassen at dei har fått eit viktig oppdrag av Foreningen !les: – De skal seie kva for bøker de liker. Understrek for elevane at når det gjeld barnebøker, er det dei som er ekspertane, og vi vil gjerne høyre deira meining. Fortel gjerne også at dei er med på å anbefale bøker til neste års 1.- og 2.-klassingar.

### Streken

Etter at de har lese og samtalt om ei bok, og klassen skal komme fram til ei meining om boka, er «streken» ein eigna aktivitet. Denne aktiviteten konkretiserer meininga elevane har om boka. Sjå side 17 i denne lærarrettleiinga.

### Skrive bokmelding

Når elevane har bestemt seg for om dei vil anbefale boka eller ikkje, kan læraren og klassen saman skrive ei bokmelding. Dette kan ein gjere ved at elevane kjem med forslag og læraren skriv på tavla. Fortel kort kva boka handlar om, og skriv ned kva elevane liker eller ikkje liker ved boka.

Etter at de har skrive nokre bokmeldingar saman, kan elevane skrive sine eigne bokmeldingar på eiga hand eller med hjelp frå lærarar eller foreldre. Her kan det vere morosamt å bruke bokmeldingsdyra, sjå vedlegg til denne rettleiinga eller last dei ned her: <http://leseskogen.no/klasseaktiviteter/anmelderdyr/>

Bokmeldingane kan hengjast opp og dekorere klasserommet eller setjast inn i lesepermen til eleven.

## Høgtlesingstips

### Les med innleving og formidl stemma i boka

Vi les høgt for å gi barna ei god leseoppleving. Det føreset at vi sjølve opplever det vi les. For å lese med innleving er det nødvendig å variere både tempo, pausar, stemmestyrke og toneleie. Då kan det vere lurt å ha lese igjennom teksten på førehand og gjort seg opp ei meining om innhald og form.

Når vi les høgt, gjeld det å lytte til og formidle stemma i boka. Korleis er stemninga? Er det skummelt? Er det komisk? Byggjer spenninga seg opp? Kva slags typar er personane? Korleis høyrerest replikkane ut? Det gjeld å kaste seg ut i det og vise eit oppriktig engasjement for å formidle stemma i boka.

### Ver open for innspel og ha augekontakt med publikum

Les du for ein klasse eller ei gruppe barn, er det viktig med augekontakt, både for å fange merksemda til publikum og for å kunne tilpasse lesinga etter reaksjonen til barna. Høgtlesing er eit samspel mellom den som les høgt, og den som blir lesen for.

Som høgtlesar bør ein vere merksam overfor respons frå barna. Ver open for innspel og spørsmål. Det er også viktig å vere var for manglande respons. Kanskje må du forklare nokre ord eller byte ut nye ord med meir kjende undervegs i lesinga for at barnet skal forstå og henge med i handlinga. Her kan ein også komme langt med å bruke stemme, pausar og tempo for å underbygge stemninga og handlinga. Å stoppe opp når noko har skjedd i boka, og kommentere – eller å stille spørsmål til teksten, som: «Oi! Kva var det som skjedde her?» eller «Hjelp! Kva skal han gjere no?» – kan også verke som ei støtte for elevane. Få gjerne til ein dialog med klassen mens du les.

### Øv deg

Hugs at øving gjer meister også når det gjeld høgtlesing. Øv deg på å lese høgt. Eksperimenter med å gi ulike stemmer til karakterane. Prøv ut effekten av variasjon i tempo, toneleie og plassering av kortare eller lengre pausar. Hugs også at seks-sjuåringar er eit takknemleg publikum å øve seg på. Det skal ikkje mykje til før dei er med på «leiken», og det skal desto meir til før dei synest det du gjer, er dumt. Ha det gøy saman med barna.

### Vel ei god bok

Vel ei bok du har lyst til å formidle for elevane dine! Nokre bøker held seg betre enn andre. Andre favorittar frå eigen barndom kan kjennast utdaterte. Sjå tips på [leseskogen.no](http://leseskogen.no) for både klassikarar og nyare bøker. Test ut bøkene på elevane. Du merkar fort om boka fungerer i klassen eller ikkje.

**Hugs: Høgtlesing skal vere morosamt for både barn og vaksne!**

## Generelt opplegg til biletbøker:

Å lese litteratur er å danne seg bilete. Biletbøker gir ei viktig innføring i korleis vi skal danne oss bilete i hovudet når vi les.

Viktigast er likevel at biletboka har verdi som eigen sjanger og som kunstuttrykk. I Noreg blir det gitt ut mange biletbøker av høg kvalitet, som eignar seg like godt for dei som ikkje har lese så mykje enno, som for erfarne barnelesarar og for vaksne.

Evna til å tolke bilete må øvast opp, og ein elev som ikkje har lært å lese enno, kan godt vere flinkare til å tolke bilete enn ein som har lært seg kunsten å avkode.

### Før lesinga:

Ha ein samtale med elevane om biletet på framsida av boka, med utgangspunkt i spørsmål som: – Kven ser vi på biletet? – Kva skjer på biletet?

– Er det nokon som ser kva boka heiter? – Kva trur de boka handlar om?

Forklar på førehand omgrep du meiner kan vere ei utfordring for elevane.

### Undervegs i lesinga:

La barna kommentere det som skjer på bileta. Ver open for spørsmål. Stopp gjerne opp undervegs og spør: Kva trur de kjem til å skje no?

Sjå høgtlesingstips s. 7 i denne rettleiinga eller her:

<http://leseskogen.no/laerersider/hoytlesingstips/>

### Etter lesinga:

Ha ein spontan samtale om den leseopplevinga barna nettopp har hatt. – Kva skjedde her?

La barna gjenfortelje historia slik at alle har ei felles oppfatning om innhaldet i boka. Følg opp tilbakemeldingane frå barna med opne spørsmål.

Legg deretter opp til ein samtale med elevane med utgangspunkt i innhaldet i boka. Ta for eksempel utgangspunkt i spørsmål som:

– Kva synest de om hovudpersonen? Liker de han eller henne? – Kvifor / kvifor ikkje?

– Kva synest de om dei andre personane?

– Kvifor gjer hovudpersonen det han eller ho gjer?

– Kva ville du gjort dersom du var i ein liknande situasjon?



## Aktivitetar knytte til lesing av biletbøker

### Teikneserie del 1:

#### Teikne eller modellere: «Skap to teikneseriefigurar»

Snakk med elevane om teikneseriar. Kva for teikneseriar kjenner dei? Kva for teikneseriefigurar kjenner dei? Er det dyr eller menneske? Korleis ser dei ut? Kva for eigenskapar har dei? Kan dei for eksempel snakke, køyre bil, fly eller trylle? Er dei modige, tøffe, feige, redde, snille, slemme, sterke, svake, gjerrige, smarte, heldige eller uheldige?

– Kunne nokon av karakterane i boka vi har lese, blitt teikneseriefigurar? – Kven? – Korleis ser karakteren ut som teikneseriefigur? – Kva for eigenskapar har han eller ho?

Be elevane skape to teikneseriefigurar i hovudet. Dei kan ta utgangspunkt i ein av karakterane i boka de les, eller dei kan finne opp ein heilt ny figur.

Konkretiser gjerne oppgåva ved å la nokre elevar fortelje om sine idear for gruppa: Korleis skal figurane deira sjå ut? Er dei dyr eller menneske? Kva for eigenskapar har dei? Kva heiter figurane?

La deretter elevane teikne figurane sine på eit ark. Minn dei gjerne på at det er fint om nokre av eigenskapane til karakterane kjem fram på teikninga.

Elevar som kan skrive, kan også synast det er morosamt å skrive litt om figurane sine. Eit alternativ til teikning kan vere at elevane formar figurane sine i plastilin.

Uansett om elevane teiknar eller lagar skulpturar, er det stas å sjå teikneseriefiguren sin utstilt på veggen eller ein annan stad i klasserommet. Lag ei utstilling og inviter skulebibliotekaren eller andre lærarar, elevar eller foreldre til å sjå teikneseriefigurane. Alternativt kan elevane sjølve vise fram figuren sin og presentere han for dei andre elevane i klassen.

## Teikneserie del 2:

### Fortelje ei historie gjennom bilete: Lag ein teikneserie

For å friske opp minnet til elevane kan det vere lurt å ha ein innleiande samtale med dei om teikneseriefigurane dei har laga, og fortelje at no skal vi lage teikneseriar med figuren. Deretter kan ein for eksempel snakke med elevane om at ein teikneserie er ei forteljing som er fortald gjennom bilete. Nokre elevar vil kanskje påpeike at det går an å uttrykkje kva karakterane seier, gjennom snakkebobler, og at det i somme teikneseriar finst ruter med tekst.

Her kan det vere ein god idé å vise fram ein teikneserie, gjerne ei forteljing som er fortald på ei side, for eksempel denne:

<http://www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/bjartmannMars.html>

Snakk med elevane om at dersom det skal bli ei forteljing, så må det skje noko med nokon, og det må skje på ein stad. Her går det an å hente inn eksempel frå den siste boka de las i klassen. Kven var hovudkarakteren eller -karakterane i boka? Kva skjedde med dei? Kvar skjedde det?

Snakk deretter med elevane om kva som skal skje med teikneseriefigurane i teikneseriane deira. Ein måte å konkretisere samtalen på er å spørje om det skal skje noko som er skummelt, trist, morosamt, overraskande eller liknande. Be elevane tenkje over om det skal vere andre karakterar med i forteljinga, og kvar forteljinga skal gå føre seg.

Elevane kan hente inspirasjon frå noko som har skjedd i ei bok de har lese, eller dei kan finne på ei forteljing sjølve.

Det kan også vere lurt å vise fram eit ark med tomme teikneserieruter og gjere elevane merksame på at forteljinga deira skal forteljast gjennom ei avgrensa mengd bilete. Bruk gjerne ideane til ein elev som eksempel, og spør kva som skal skje i første rute, kva som skal skje i andre rute, i kva for ei rute skal karakteren din skli på eit bananskal, i kva for ei rute skal vi sjå at han har fått ein kul i panna, osv.

Del ut ark med tomme teikneserieruter. Du finn mal her:

<http://leseskogen.no/klasseaktiviteter/tegnseriemal/>

Eventuelt kan du demonstrere på tavla korleis ein med hjelp av blyant og linjal deler eit ark inn i seks like store ruter. Minn elevane på at det er lurt å planleggje kva som skal skje i kvar rute, på førehand. Elevar som har lært å skrive, kan lage dialogar i snakkebobler eller tankebobler eller gi opplysningar om tid og stad gjennom tekst.

Når teikneseriane er ferdige: Lag utstilling i klasserommet eller i skulebiblioteket, eller la elevane vise, presentere og «fortelje» teikneseriane sine for resten av klassen.

## Lag leseskogen til klassen

De treng: ein rull med papir, teikneark, vassfargar, fargeblyantar, sakser, limstiftar.

Mål opp og klipp til ei lengd papir slik at det passar på ein av veggene i klasserommet.

La nokre elevar måle bakgrunnen før de hengjer papiret opp.

Snakk med klassen om kva som veks eller lever i skogen. Kva slags dyr skal bu i leseskogen til klassen? Kanskje nokon vil lage Ursus, Lynx, Lupus eller Gulo? Kanskje nokon vil lage andre dyr? Kva slags tre finst det der? Det kan vere lurt å bli einige på førehand om kven som skal lage kva, og omtrent kor store dyr og tre bør vere.

Elevane teiknar, fargelegg og klipper ut figurane sine, før dei får hjelp til å lime dei inn i leseskogen til klassen.

Avslutt med å la elevane fortelje historia om dyret sitt dyr eller om treet sitt for klassen. I leseskogen til klassen kan det også komme fleire dyr til etter kvart.

## Sy din eigen Ursus, Lupus, Lynx eller Gulo

De treng: filt, vatt, tjukk sytråd (brodergarn), tjukk synål, knappenåler, blyant, saks.

Her vil nokre elevar trenge mykje hjelp. Vurder om denne aktiviteten bør gjerast i mindre grupper eller med ein ekstra vaksen til stades. Be elevane bestemme seg på førehand for kva for eit av dyra dei vil lage.

Klipp til filten på førehand og del ut filtstykket til kvar elev: to stykke til kropp, to ulike fargar til snute og to ulike fargar til auge. For mange elevar vil det også vere ein fordel at du teiknar opp omrisset til dei ulike delane på filtstykket på førehand. Mal finn du her:

<http://leseskogen.no/klasseaktiviteter/filt dyr/>

Lag gjerne eit dyr på førehand som elevane får sjå, eller la dei sjå på dei ulike dyrefigurane frå leseskogen.

Elevane klipper ut dei forskjellige delane og festar med knappenåler. Minn dei på at dei må hugse å feste øyra før dei syr. Minn dei også på å la det stå igjen ei lita opning der dei kan fylle dyret med vatt før dei syr igjen.

Elevane avsluttar med å lime på armar, auge og snute.

# Generelt opplegg til framhaldsbøker

## Høgtlesing med litterær samtale

### Før lesinga:

Før de begynner på ei ny bok, kan det vere fint å starte med ein samtale om kva forventningar elevane har til boka.

Sjå på bokomslag og les tittelen og snakk om forventningar til boka. Samtalen kan konkretiserast med utgangspunkt i spørsmål som: Kva trur de boka handlar om? Kvar og når trur de ho går føre seg? Kva for personar er med? Kva slags stemning trur de vil vere mest tydeleg: spennande, skummel, ekkel, trist eller morosam?

Om starten på ei bok er utfordrande, kan du fortelje kven dei viktigaste personane i boka er, og når og kvar handlinga går føre seg. Aktualiser temaet i boka for elevane. Dersom det er ei bok som handlar om vennskap, går det an å ha ein innleiande samtale med elevane om vennskap, handlar ho om hekser, kan ein høyre kva barna veit om hekser, og lære dei litt om det før de startar lesinga.

Forklar ord og omgrep som du trur er nye eller vanskelege for elevgruppa.

I framhaldsbøker – som blir lesne over fleire økter – kan det vere lurt å starte kvar leseøkt med å snakke om og gjenfortelje kva boka har handla om så langt: Kva var det som skjedde i går? Korleis trur de det går vidare? På denne måten gjenfortel elevane teksten. Interessa blir vekt på ny, og barna får henta fram førehandsforståinga og entusiasmen frå sist.

### Undervegs i lesinga:

Som lærar har du gjennom høgtlesing ein unik sjanse til å kommunisere med elevgruppa undervegs i lesinga. Du kan stoppe opp undervegs for å snakke om kva som har skjedd, og kva elevane trur vil skje vidare, eller for å hjelpe med ord eller avsnitt som er vanskelege å forstå. Men hugs: Alt med måte. Nokre elevar synest det er kjedeleg stadig å bli avbroten når læraren skal forklare. Her er det lurt å sjå an elevane.

Les med innleving og forsøk å formidle stemninga i boka. Eksperimenter med tempo, stemme og toneleie. Prøv å oppnå augekontakt med elevane, og ver open for spørsmål og innspel. Som lærar har du den fordelan at du kjenner elevane godt og kan tilpasse lesinga etter behova til gruppa. Sjå høgtlesingstips s. 7 i denne rettleiinga eller her:

<http://leseskogen.no/laerersider/hoytlesingstips/>

Skal elevane få ei god leseoppleving, må dei sitje godt mens dei lyttar. For somme elevar vil det fungere fint å sitje stille og berre lytte, mens andre lyttar betre og vil få ei betre

oppleving av å teikne mens du les. Elevar i ei gruppe har ulike behov, og grupper fungerer ulikt. Bøker er også forskjellige. Derfor kan det vere lurt å variere høgtlesingssituasjonen frå gong til gong. Likevel kan det vere hensiktsmessig å halde på nokre faste rutinar, for eksempel å lese først og så vise illustrasjonane.

### **Etter lesinga:**

Det er fint å ha ein samtale med elevane etter kvar leseøkt, for å sikre at dei har ei felles forståing av handlinga i teksten. La elevane få komme med ein direkte respons på teksten og still opne spørsmål med utgangspunkt i dei spørsmåla elevane kjem med.

Dersom elevane er stille og samtalen treng litt draghjelp, kan du ta utgangspunkt i spørsmål som:

- Var det noko spesielt de la merke til, noko som fekk dykk til å tenkje?
- Var det ein situasjon eller eit «bilete» i boka du kunne sjå ekstra godt for deg? Kva for eit?
- Var det noko som fekk dykk til å føle dykk glade, triste, redde, nysgjerrige, skuffa eller overraska?

Be elevane grunngi svara sine med oppfølgingsspørsmål som: Kva får deg til å meine det?

Det går også an å samtale om karakterane i boka og deira handlingar og val. Kvifor gjer dei som dei gjer? Kva ville du gjort i ein liknande situasjon?

## **Aktivitetar knytte til lesing av framhaldsbøker**

### **Teikneoppgåve: «Teikn eit bilete frå boka»**

Be elevane sjå for seg ein situasjon eller eit «bilete» i boka som gjorde spesielt inntrykk på dei.

Spør elevane korleis biletet deira ser ut, og kva som skjer på biletet. Still gjerne spørsmål som ein ikkje finn svar på i boka.

### **Teikne biletet**

Etterpå kan det vere fint å la elevane vise fram biletet sitt og fortelje om det og svare på spørsmål frå medelevane. Understrek gjerne på førehand at kunstnarar tolkar situasjonar ulikt og uttrykkjer seg på ulike måtar. Her finst det ikkje noko som er rett eller feil.

### **Barnas eigen versjon av boka**

Dersom elevane teiknar etter fleire av leseøktene, går det an å samle teikningane til kvar av elevane i ei «bok». Stift eller bind ho saman med band. Dermed har elevane laga sin eigen versjon av boka de har lese.

## **Vurdering: Kva for bøker liker vi?**

### **Forslag til innleiande samtale om bøker og smak**

Samtalen kan gjerne gjennomførast i samband med at elevane skal begynne å vurdere kva for bøker dei vil anbefale til neste års 1. eller 2. klasse.

«Kva for bøker liker de?» Be elevane tenkje over kva for bøker dei liker, og kvifor dei liker akkurat desse bøkene. La det komme tydeleg fram at du som lærar er oppriktig interessert. Få elevane til å prøve å grunngi vala sine.

Noter boktipsa til elevane på tavla. Er det bøker som blir nemnde mange gonger, og er det nokon som berre få har oppdaga?

Snakk deretter om kva elevane synest kjenneteiknar gode bøker dei har lese: – Har dei kanskje ein favoritt? Be dei velje ut den boka dei liker aller best, og forklare kvifor det var nettopp denne boka som gav dei den beste leseopplevinga. Kva er det som gjer at dei likte boka? Kva handlar boka om? Er boka spennande? Morosam? Trist? Overraskande?

– Er det på grunn av personar ein blir glad i, beundrar fordi dei er annleis, morosame eller modige? Har dei ein god slutt? Eller er det noko anna som gjer at dei liker bøkene?

På bakgrunn av samtalen forsøkkjer klassen å bli einige om fire-fem punkt som kjenneteiknar ei god bok for 1.- eller 2.-klassingar. Læraren noterer punkta på tavla. Skriv ned punkta og ta dei fram igjen seinare når klassen skal vurdere om dei vil anbefale ei bok.

## Opplegg om litterær vurdering: Kva for ei bok likte du best?

### Før lesinga:

Ta fram kriteria for ei god bok som klassen blei einige om.

Les dei opp for elevane. Snakk kort om boka de las sist. Synest elevane at ho oppfyller kriteria for ei god bok?

Gå deretter over til dagens bok.

Ha ein samtale med elevane der de ser på bokomslag og tittel og snakkar om kva slags forventningar elevane har til boka. Kva slags stemning trur dei vil vere mest tydeleg – spennande, skummel, ekkel, morosam? Trur dei boka oppfyller nokon av klassens kriterium for ei god bok?

### Undervegs i lesinga:

Sjå høgtlesingstips s. 10 eller her: <http://leseskogen.no/laerersider/hoytlesingstips/>

Sjå generelt opplegg til høgtlesingsbøker s. 10 i denne rettleiinga.

### Etter lesinga:

- 1 Ha ein spontan samtale med elevane om korkleis dei har oppfatta teksten. – Kva skjedde her? – Kva handlar denne boka om?

- 2 Samtale i smågrupper

Be deretter elevane sitje i små grupper eller saman med sidemannen. Elevane fortel kvarandre kva for ei dei likte best av denne boka og ei av dei andre bøkene klassen har lese. Be dei også fortelje kvarandre kvifor dei synest bok A er betre enn bok B. Dei kan gjerne ta utgangspunkt i kriteria klassen blei einige om.

- 3 Oppsummering og «avstemming» i full klasse

Ha ein samtale i full klasse der elevane presenterer argumenta sine for kva for ei av dei to bøkene som er best. – Kva for ei av bøkene oppfyller best kriteria klassen har komme fram til for ei god bok? – Kva for ei av dei to bøkene bør andre 1.- eller 2.-klassar lese? Kvifor? – Skal klassen anbefale boka på leseskogen.no? Etter diskusjonen går det an å ha ei avstemming ved hjelp av handsopprekking.

Ein annan morosam måte for klassen å gi uttrykk for meininga si på er ved hjelp av aktiviteten «streken» (sjå neste side).



## «Streken»

Marker ein strek i klasserommet med teip eller bøker. «Streken» er ein einig-ueinig-akse. Læraren set fram påstandar, klassen diskuterer, og elevane plasserer seg til høgre eller venstre for streken avhengig av om dei er einige eller ueinige. Forsikr deg om at elevane har forstått opplegget, før klassen set i gang. Begynn for eksempel med å seie: «Is er godt», og be elevane plassere seg etter om dei er einige eller ueinige. Dei fleste vil vere einige. Set deretter fram ein påstand som er eigna til å få fram ulike synspunkt, som: «Eg gler meg til vinteren.» Her er nok meiningane meir delte, og elevane vil fordele seg på kvar si side av streken og forstå korleis avstemminga fungerer.

Set deretter i gang med ein klassediskusjon der bøkene blir diskuterte opp mot kvarandre på bakgrunn av utsegner frå læraren. For eksempel: «Eg synest *Heksene* var meir spennande enn *Brødrene Løvehjerte*.» Elevane plasserer seg ut frå om dei er einige eller ueinige i utsegna. Eventuelt kan einig-ueinig graderast, slik at dei som er veldig ueinige, plasserer seg nærmast vindaugsrekkja, og dei som er veldig einige, plasserer seg heilt inntil veggen. Deretter kjem læraren med ein ny påstand som elevane må ta stilling til.

Dersom mange av elevane plasserer seg på same sida, kan læraren trekkje inn elevane i diskusjonen ved å gi ordet til ein eller fleire av dei elevane som er på den sida der det er færrest elevar, og be dei forklare kvifor dei er einige eller ueinige. Læraren kan då velje ut dei som erfaringsmessig er gode til å snakke for seg, og så leggje til sine eigne, gode argument.

Når debatten er ferdig, blir elevane bedde om å velje ei endeleg plassering ut frå kva dei meiner om boka. Læraren seier no: «Vi vil anbefale boka *Heksene* til neste års 1. eller 2. klasse. Einig eller ueinig?» «Vi vil anbefale *Brødrene Løvehjerte* til neste års 1. og 2. klasse. Einig eller ueinig?»

## Litterære leikar

Under fana «aktiviteter» på [leseskogen.no](http://leseskogen.no) finn du aktivitetsark som elevane kan arbeide med på skulen eller heime: <http://leseskogen.no/aktiviter/>

Trykkjer du på knappen «klasseaktiviteter» på lærarsida, finn du meir lærarstyrte aktivitetar som dei du kan lese om under. <http://leseskogen.no/klasseaktiviteter/>

### Kims leik

Leik Kims leik med gjenstandar frå boka klassen les. Finn gjenstandar frå boka de les høgt i klassen, og legg dei utover eit bord. La elevane få sjå på gjenstandane i omtrent eitt minutt, før du skjuler dei med ein duk. Det er om å gjere å hugse flest.

### Bokløype

Plasser ulike gjenstandar eller bilete på ulike postar i ei løype. Elevane skal gjette kva for ei bok gjenstanden eller biletet er henta frå.

### Ha med ein ting frå ei bok

Elevane skal ta med ein ting heimanfrå som representerer ei bok. Det kan vere boka klassen les, eller ei bok eleven har lese heime. Eleven fortel om tingen og om boka og kvifor akkurat denne tingen representerer boka.

### Litterært karneval

Elevane kler seg ut som karakterar frå ei bok. Dette kan gjerast enkelt. Ofte er det ikkje meir enn eit par rekvisittar som skal til for å «bli ein karakter».

### Gjett kven eg er

Ein elev tenkjer på ein karakter frå ei bok som klassen har lese saman. Eleven skal forsøkje å skildre personen ved hjelp av ei og ei setning utan å røpe namnet. Det kan vere setningar som: – Eg er ein gut. – Eg har brunt hår. – Eg bruker briller. – Eg kan trylle. Klassen gjettar kva for ein karakter det kan vere.

### Mimeleik

Ein elev trekkjer ein lapp der læraren har skrive namnet på ein karakter frå bøker som klassen kjenner. Eventuelt: Læraren kviskrar namnet på karakteren i øyret på eleven. Eleven skal prøve å få klassen til å forstå kva for ein karakter han eller ho er, gjennom å mime. Den som gjettar rett, er nestemann til å trekkje ein lapp og mime ein karakter.

### Refleksløype

Les innleiinga til *Rivertongåten* av Jørn Lier Horst. (Her gjennomfører karakterane ei refleksløype.) Engasjer ivrige foreldre og lag og gjennomfør ei refleksløype saman med elevane ein mørk ettermiddag eller kveld. Avslutt løypa med høgtlesing rundt bålet.

### La barna fortelje teksten

Skjul teksten i ei biletbok og la elevane foreslå tekst. Skriv ny tekst til boka saman med elevane.

## Forslag til undervisningsopplegg til enkeltbøker

### ***Jacob og hunden* av Liv Frohde**

#### Framhaldsbok

#### **Før lesinga:**

Ha ein samtale med elevane om hundar. Du kan for eksempel starte med å spørje kva elevane veit om hundar. – Er det nokon her i klassen som har ein hund? – Nokon som ønskjer seg hund? – Kva for behov har ein hund? – Kan han klare seg på eiga hand?

Vis fram framsida på boka og les tittelen høgt. Kva trur elevane at denne boka handlar om? Still for eksempel spørsmål som: – Kven er guten på biletet? – Er det hans hund? – Kva er det som skjer på biletet? – Kvifor er hunden våt?

I framhaldsbøker, som *Jacob og hunden*, kan det vere lurt å starte kvar leseøkt med å snakke om og gjenfortelje kva boka har handla om så langt: Kva var det som skjedde i går? Korleis trur de det går vidare? Interesse blir vekt på ny, og barna får henta fram førehandsforståinga og entusiasmen frå sist.

#### **Undervegs i lesinga:**

Les med innleving og forsøk å formidle stemninga i boka. Eksperimenter med tempo, stemme og toneleie.

Sjå høgtlesingstips på side 7 eller her: <http://leseskogen.no/laerersider/hoytlesingstips/>

#### **Etter lesinga:**

Det kan vere fint å ha ein samtale med elevane etter kvar leseøkt, for å sikre at dei har ei felles forståing av handlinga i teksten. La elevane få komme med sin direkte respons på teksten. Still opne spørsmål med utgangspunkt i tilbakemeldinga frå elevane.

Samtal vidare om karakterane i boka og deira handlingar og val. Kvifor gjer dei som dei gjer? Kva ville du gjort i ein liknande situasjon? Etter prologen går det for eksempel an å spørje kva elevane ville gjort dersom dei var hunden.

Etter ei leseøkt kan det også vere fint å spørje om det var ein situasjon eller eit bilete dei såg for seg då du las, som gjorde spesielt inntrykk. Kva hugsar dei best? – Kunne dei for eksempel sjå for seg då hunden hoppa for å prøve å få tak i smulane på brettet? – Eller såg dei for seg hunden som slikka handa til matmor? Be elevane beskrive «biletet» dei ser for seg.

**Teikneoppgåve:**

Be elevane sjå for seg ein situasjon eller eit «bilete» i boka som gjorde spesielt inntrykk på dei.

Det kan for eksempel vere at dei ser for seg situasjonen der hunda hoppa opp for å prøve å få tak i brødsmulane på fuglebrettet. Spør elevane korleis biletet deira ser ut. Still gjerne spørsmål som ein ikkje finn svar på i boka. For eksempel: Kva slags farge er det på fuglebrettet? Kva slags uttrykk har hunden i ansiktet? Korleis ser omgivnadene ut?

Be elevane teikne biletet.

Etterpå kan det vere fint å la elevane vise fram biletet sitt, fortelje om det og svare på spørsmål frå medelevane. Her kan det vere lurt å understreke på førehand at kunstnarar tolkar situasjonar ulikt og uttrykkjer seg på ulike måtar. Her finst det ikkje noko som er rett eller feil.

**Barnas versjon av *Jacob og hunden*:**

Dersom elevane teiknar etter fleire av leseøktene, går det an å samle teikningane til kvar av elevane i ei «bok». Dermed har dei laga sin eigen versjon av *Jacob og hunden*.

## ***Vaffelhjarte* av Maria Parr**

### **Framhaldsbok**

Samtale/diskusjon

#### **Før lesinga:**

I forkant av lesinga av *Vaffelhjarte* kan det vere fint å ha ein samtale med elevane om vennskap med utgangspunkt i spørsmål som: – Kva er ein bestevenn? – Kva skal til for at du kan kalle nokon ein bestevenn? – Må bestevennen være einig i at de er bestevenner? Kvifor/ kvifor ikkje?

Førebu deretter elevane på lesinga gjennom å fortelje litt om kva boka handlar om. *Vaffelhjarte* handlar om Trille og Lena som er naboar og bur i ei lita bygd som heiter Knert-Matilde. Trille vil veldig gjerne at Lena skal vere bestevennen hans, men han er ikkje heilt sikker på om ho vil det, og han tør ikkje å spørje.

Har elevane sett TV-serien som er basert på boka?

I framhaldsbøker, som *Vaffelhjarte*, er det hensiktsmessig å starte kvar leseøkt med å snakke om og la elevane kort gjenfortelje kva boka har handla om så langt. Ta utgangspunkt i spørsmål som: Kva var det som skjedde sist vi las? Korleis trur de det går vidare? På denne måten får elevane friska opp minnet, og dei får øving i å setje eigne ord på forteljinga. Eit slikt felles samandrag er også til stor hjelp for førehandsforståinga til dei av elevane som treng litt ekstra støtte.

#### **Undervegs i lesinga:**

Les med innleving, og forsøk å formidle stemninga i boka. Eksperimenter med tempo, stemme og toneleie.

Sjå høgtlesingstips på side 7 og her: <http://leseskogen.no/laerersider/hoytlesingstips/>

Varier gjerne høgtlesingssituasjonen frå gong til gong. Sjå an elevane. For nokre elevar passar det best å sitje i ein ring og lytte, andre lyttar betre når dei får lov til å gjere noko mens dei les, for eksempel teikne.

#### **Etter lesinga:**

Snakk også med elevane om den leseopplevinga dei nettopp har hatt, etter kvar leseøkt. – Kva var det som skjedde her? Kanskje har elevane nokre spørsmål? Kva trur dei vil skje vidare?

*Etter at de har lese heile boka:*

Ha ein samtale med elevane om kva *Vaffelhjarte* handla om.

Ha deretter ein samtale i klassen med utgangspunkt i spørsmål som:

- Må ein bestevenn vere einig i at de er bestevenner? Kvifor / kvifor ikkje?
- Må ein ha ein bestevenn? Kvifor / kvifor ikkje?
- Er det greitt å gøyme ein bestevenn som har rømt heimanfrå? Kvifor / kvifor ikkje?
- Kva ville du gjort dersom bestevennen din skulle flytte?

### **Sjå TV-serien**

I 2012 laga NRK TV-serie av *Vaffelhjarte*. Serien finst på DVD. Kanskje har nokon av elevane allereie sett han? Uansett kan det vere morosamt å sjå serien etter at de har lese boka i klassen. I samanheng med at de ser serien, går det an å samtale i klassen om forskjellar og likskapar mellom bok og film.

# ***Kakerlakken med den grønne frakken* av Martine Grande**

**Biletbok**

**Tverrfagleg: naturfag/norsk**

Samtale

## **Før lesinga:**

Vis fram framsida på boka. Kven er figurane på biletet? Kva slags dyr er dei? Kva skjer på biletet? Les tittelen høgt. Veit elevane kva ein kakerlakk er? Liker dei kakerlakkar? Kvifor / kvifor ikkje? Lær elevane litt om kakerlakkar.

Her kan du lese meir om kakerlakkar: <https://snl.no/kakerlakker>

Kva trur dei boka handlar om ut frå bilete og tittel? Still spørsmål som: – Kvifor er kakerlakken hos legen? – Er kakerlakken sjuk? – Kva kan ha skjedd? – Når går ein til legen? – Hjelper det å gå til legen dersom ein er trist? – Kvifor / kvifor ikkje?

Dersom det er ord og omgrep som du trur er utfordrande for elevane dine, er det fint å forklare nokre av dei på førehand. I denne boka kan det dreie seg om ord som *kakerlakk*, *høstredsel*, *tomhet*, *nordlys*, *nattsvermer*.

## **Undervegs i lesinga:**

Denne boka fungerer godt som høgtlesing i ei lita gruppe elevar. Bileta fortel ein stor del av historia, og det er viktig at barna får sjå bileta.

La barna kommentere det som skjer på bileta. Ver open for spørsmål.

## **Etter lesinga:**

Ha ein spontan samtale om den leseopplevinga barna nettopp har hatt. La elevane komme med sin respons.

Snakk deretter med barna om innhaldet i boka. Kven handla boka om, og kva skjedde? Gjenfortel historia saman. På denne måten øver barna seg på å fortelje, samtidig som du sikrar at gruppa har ei felles oppfatning av kva boka handlar om.

Legg opp til ein diskusjon eller samtale med elevane med utgangspunkt i innhaldet i boka. Ta utgangspunkt i spørsmål som:

- Kva synest du om kakerlakken? Liker du henne? Kvifor / kvifor ikkje?
- Kvifor er kakerlakken så trist?
- Er kakerlakken sjuk? Kvifor / kvifor ikkje?
- Gruer du deg til vinteren? Kvifor / kvifor ikkje?

## **Ballen av Mari Kanstad Johnsen**

### **Biletbok**

Samtale og teikning

#### **Før lesinga:**

Ha ein samtale med elevane om biletet på framsida av boka, med utgangspunkt i spørsmål som: – Kven er dei tre på biletet? – Kva slags dyr er dei? – Kor gamle trur de at dei er? –

Kvifor? – Kva skjer på biletet?

– Er det nokon som ser kva boka heiter? – Kva trur de boka handlar om?

Forklar på førehand omgrep du trur er ei utfordring for elevane. I denne boka kan det dreie seg om ord som: *ballfabrikk, pumpe, pumpemaskin, maskinrom, basketballspillere*.

#### **Undervegs i lesinga:**

Denne boka fungerer godt som høgtlesing i ei lita gruppe elevar. Bileta fortel ein stor del av historia, og det er viktig at barna får sjå bileta.

La barna kommentere det som skjer på bileta. Ver open for spørsmål.

#### **Etter lesinga:**

Ha ein spontan samtale om den leseopplevinga barna nettopp har hatt. – Kva skjedde her? Følg opp tilbakemeldingane frå barna med opne spørsmål.

Legg deretter opp til ein samtale med elevane med utgangspunkt i innhaldet i boka. Still spørsmål som:

– Kva trur de skjer vidare i forteljinga?

– Kva ville du gjort dersom du høyrde lydar frå ballen din? Hadde du forsøkt å opne han, eller hadde du leikt vidare? Kvifor?

– Sjå på illustrasjonen i boka der Elling, Koko og Kim prøver å gjette kva som er i ballen. Kva trur de det kan vere inne i ballen?

– Kva trur de kunne gøymt seg inne i ein ball? Eit dyr? Mange dyr? Eit menneske? Noko anna?

#### **Aktivitet:**

Teikne

Be elevane teikne det som gøymmer seg inne i deira ball.

Etterpå viser elevane fram teikningane sine og fortel om det som gøymmer seg inne i ballen.



## ***Samira og skjelettene* av Camilla Kuhn**

Samtale og aktivitet

### **Før lesinga:**

Vent med å vise boka til elevane og fortel dei heller at no skal vi lese ei bok som heiter *Samira og skjelettene*. Veit elevane kva eit skjelett er? Kva trur dei ei bok med ein slik tittel handlar om? Kva slags stemning trur dei vil vere mest dominerande i *Samira og skjelettene*? Trur dei dei vil synast boka er skummel, spennande, trist, morosam eller rar?

Vis fram boka og la elevane studere framsida. Ha ein samtale med dei med utgangspunkt i framsida. Still spørsmål som: – Kven av jentene på biletet er Samira? – Kven er dei andre på biletet? – Korleis har dei det? – Kva skjer på biletet?

Kva trur elevane boka handlar om no? Har dei endra oppfatning?

Forklar omgrep du trur er ukjende eller vanskelege for elevane. I denne boka kan det dreie seg om ord som: *skjelett, hodeskalle, knokkel, knokkelfingre og glassmanet*.

### **Undervegs i lesinga:**

La barna kommentere det som skjer på bileta, og ver open for spørsmål. Stopp gjerne opp undervegs og spør: – Kva trur de kjem til å skje no?

### **Etter lesinga:**

Ha ein spontan samtale om den leseopplevinga barna nettopp har hatt. Har dei same oppfatning av boka no som før de las, eller har oppfatninga endra seg? Kva slags stemning synest elevane var dominerande i boka? Var ho mest skummel, spennande, trist, morosam eller rar?

Snakk om innhaldet i boka. Kva handla denne boka om? Kva var det som skjedde?

Ha deretter ein samtale i klassen med utgangspunkt i spørsmål som:

– Kva synest de om personane i boka? Samira? Frida? Kva synest de om læraren? Mora til Samira? Liker de dei? Kvifor / kvifor ikkje?

– Er det rett av læraren å fortelje barna at dei har skjelett? Kvifor / kvifor ikkje?

– Mora til Samira seier at ho godt kan fjerne skjelettet til Samira. Kan ei mor seie noko slikt? Kvifor / kvifor ikkje?

– Liker du boka? Kvifor / kvifor ikkje?

**Aktivitet:**

Teikne/klippe/lime

Lag eit bevegeleg skjelett

Dei treng: Skjelettmal, kvit kartong, splittbinders (8 til kvar elev), blyant eller svart fargeblyant og saks. Du finn ein skjelettmal under «klasseaktiviteter» på lærarsida.

Det kan vere lurt at læraren lagar eit skjelett på førehand og viser fram til elevane. Vis dei korleis bein, armar og føter er festa, og korleis du har teikna på skjelettet for å få det til å sjå ekte ut.

– Klipp ut nokre eksemplar av malen. Del ut ein passeleg stor kartongbit og splittbinders til kvar elev, og la elevane bruke malen og teikne opp kvart sitt skjelett på kartongen.

Elevane fyller ut skjelettet med bein, knoklar, augehøler og tenner ved hjelp av ein blyant eller ein mørk fargeblyant.

– Deretter klipper dei ut armar, bein, føter og kropp. Mange elevar vil trenge hjelp til å stikke ut hòl til splittbindersane.

– Demonstrer for elevane korleis ledda i skjelettet skal festast. La elevane prøve sjølve før du hjelper dei som ikkje får det til.

– Skjeletta kan hengjast opp med tråd i taket, eller de kan lage ei flott skjelettutstilling på veggen i klasserommet.